Voss herad




# Medverknad i samband med revisjon av kommuneplanen

*Hittil og litt til*

**HST 4. september**

*Gunnhild Utkvitne, Kjersti Næss Finne og Lina Hamre*

Voss herad

# Medverknad – eit lovbestemt krav

Medverknad og deltaking i kommunale planprosessar er nedfelt i Plan – og bygningslova sin føremålsparagraf §1-1 der det står:

> *«Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter»*

Vidare står det i §5-1:

> *«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning.*
> *Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»*

(Plan- og bygningslova, 2008)

VOSS

Voss herad

# Vårt løp vart lagt i Planprogrammet

- «For folk flest – få alle med»
- Politiske verkstadar
- Faglønsjar for tilsette



Voss herad

# Politiske verkstadar

| Kva | Når | Kven |
|---|---|---|
| Mål og målstruktur | 12. mars | Finansråd |
| Naturmangfald som grunnlag for arealstrategi | 12. mars | UKMB |
| Arealstrategi og arealnøytralitet | 24. april | Finansråd og utvalsleiarane |
| Mangfald og inkludering | 15. mai | Finansråd og kommunale råd |
| Senterstruktur, barnehage- og skulestruktur | 11. juni | LEV og FPL (HTV og HVO) |
| Jordvern | 27. august | UKMB (FPL invitert med) |

Voss herad

# Politisk verkstad # 1

“Kraft til å bera” – om mål i KPS

**Finansråd 12. mars**

VOSS
bygd for alle

Me må ha med oss innbyggjarane i arbeidet med å setja mål

Målet bør sei noko om matberedskap, men også samfunnskritisk infrastruktur

Definera regionsenter og levande grender

Ikkje gode nok til å tilrettelegga til næring, tillata meir kombinerte næringsformål

Bustadmarknad og bustadutvikling

K5

Voss som utdanningssenter

Balanse mellom vekst og vern

Best å ha mål som ikkje er politisk ueinigheit om og som kan målast

Mange vil til Voss pga kultur, fritid, sport, jakt

Felles dugnad for bygda vår

Kultur viktig for attraktivitet

Treng me å prioritera på grunn av manglande folk og ressursar?

Vurdere styrking av regionalt samarbeid

Viktig med attraktiv – systematisera arbeidet med rekruttering

Syta for at heradet har arenaer for alle

Avhengig av frivilligheita for å kunne nå målet på lang sikt

Saknar mål om samferdsle; veg og kollektiv

Mål om noko anna enn økonomi? - Pålitelig, etteretteleg, tillit.

Samarbeid med frivillige, næring og andre kommunar

Overordna mål lyt ta med mål knytt til beredskap

gode kommunalt tenesetilbod for innbyggjarar i alle aldre

Opptatt av samhandling og samarbeid

Kva er eigentleg vekst?

Bør formulera delmål mot meir konkrete grupper eller utfordringar

Tidleg innsats verkar førebyggande

Eige mål på **samfunnsutvikling**?

Kva betyr «redusera risikoen for sjukdom»

Voss herad

# Politisk verkstad # 2

## Naturmangfald som grunnlag for arealstrategi

**Utval for klima, miljø og beredskap 12. mars**

VOSS bygd for alle

**VEKTING AV FØREMÅL:** Dersom ein MÅ ta i bruk natur eller dyrka jord til utbyggingsføremål, bør me differensiera på føremål? Kva bør i så fall vega tyngst av bustadbygging, offentlege føremål, samferdsle/veg, fritidsbustader?

→

- Offentlege og samfunnsnyttige føremål, samferdsle/veg, bustadbygging og fritidsbustader. Alltid vurdera fyrst nedbygde/grå areal og fortetting.

**UTBYGGING:** Bør Voss herad forby nedbygging av myr? Er det andre naturtypar me bør ha eit forbod mot utbygging på?

→

- Myr og våtmarksområde skal som hovudregel ikkje byggjast ned. Utbygging av naudsynt infrastruktur kan fråvika frå hovudregelen dersom det ikkje finst andre eigna alternativ.

**NATURVERN:** Kor mykje av arealet i Voss herad bør ha eit vern? I dag er 5,4 % verna, Naturavtalen seier 30 %. Og kva type natur bør me prioritera å verna?

→

- Vil verna meir, og ein ambisjon om 30 % vern. Dette må vera representativ natur. Prioritera myr og areal med raudlista artar.

**JORDVERN:** Bør me ha eit talfesta jordvernmål? Og kor ambisiøst bør dette i så fall vera?

→

- Vera merksam på at jord som er dårleg drifta over lang tid, likevel kan vera god og viktig i matberedskapsperspektiv.

**STRANDSONE:** Finst det føremål som gjer det ok å gjera tiltak i strandsona? Kva meiner de i så fall desse er?

→

- Tilretteleggja for ålmenta. Etablering av fritidsområde.

Voss herad

# Politisk verkstad # 3

## Arealstrategi og arealnøytralitet

**Finansråd og utvalsleiarar 24. april**

VOSS bygd for alle

# Arealstrategi og arealnøytralitet

- Litt om arealstrategi, folketalsutvikling, bustadutvikling, fritidsbustader og arealreserve i gjeldande KPA
- Innlegg frå ordførar i Nordre Follo om arealnøytralitet
- Gruppearbeid og plenumsdiskusjon



Tiltakshierarkiet. | *Miljødirektoratet*

**Gruppearbeid:**

- Spørsmål 1: Arealnøytralitet
- Spørsmål 2: Viktige omsyn ved ny utvikling
- Spørsmål 3: Utviklingsstrategiar og lokalisering av ulike føremål
  - Senterstruktur i dag: Regionsenter, lokal- og nærsenter

Voss herad

# Politisk verkstad # 4

## Mangfald og inkludering

**Finansråd og kommunale råd 15. mai**

VOSS
bygd for alle

Voss herad

# Mangfald og inkludering




Avklaring av omgrep, - og om korleis NAV og integreringstenesta jobbar med «utanforskap»

**ARBEID OG AKTIVITET**

- Korleis få fleire unge i arbeid og aktivitet?
- Korleis kan me få fleire aktive innbyggjarar i Voss herad?
- Korleis få betre integrering gjennom møteplassar og felles aktivitet?
- Korleis leggja best mogeleg til rette for mangfald på skule og arbeidsplass?



*Forslag til tiltak – barrierar - prioriteringar*

→ *Innspel til KPS, Saman for helse og aktive liv*

Voss herad

# Politisk verkstad # 5

## Framtidas barnehage- og skulestruktur

**LEV, FPL og Ungdomsråd 11. juni**

VOSS
bygd for alle

# Framtidig skule- og barnehagestruktur

**Kopling til KPS:**

- Visjon – strekt regionsenter og levande grender
- Ein forenkla senterstruktur med utgangspunkt i kor folk bur
- Korleis skal me utvikla oss fram mot 2050 for å byggja opp om visjonen vår?

LEVANDE GRENDER




STERKT REGIONSSENTER

**Oppvekst**

- Korleis ser barnehage- og skulestrukturen på Voss ut i 2040?
- Kva endringar kan me gjera no, som gjev økonomiske gevinstar i 2027?
- Fokus på kvifor fag er viktig, og kvifor nok folk med rett kompetanse er avgjerande

Voss herad

# Politisk verkstad # 6

## Jordvern

**Utval for klima, miljø og beredskap og Formannskapet 27. august**

VOSS
bygd for alle

Voss herad

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI

Grunnlag for jordvernstrategi for Voss herad

NIBIO RAPPORT | VOL. 11 | NR. 75 | 2025



Kjetil Fadnes, Linda Aune-Lundberg, Helene Stav
Divisjon Kart og statistikk

Drøfta, men ikkje teke stilling til (lagt til i høyringsbrevet):

- Om jordvernstrategien slik den føreligg er for streng og for kvantitativt innretta.

- Om ein burde spesifisera at det jord med høg produksjonskvalitet som særleg skal vernast.

- Om strategien burde sei meir om kompensering og nydyrking, samt synleggjering av ledig jord og jord som er i ferd med å gro att.

- Om heradet bør sikra oppfylging av massehandtering i innkjøpsrutinane sine og at ein har kommunal kompetanse til å kontrollera at handteringa har skjedd i tråd med krava.

VOSS

# For å få alle (som vil) med

- Debattserie i biblioteket – «*Kva slags Voss vil me ha i framtida?*» ("*Turistbygda Voss*" og "*Sykkelbygda Voss*")
- Borgarpanel ("*Hyttebygda Voss*", "*Landbruksbygda Voss*" og "*Bilbygda Voss*")
- Frivilligbørs 2025 (i regi av Voss Frivilligsentral)
- Fornybar framtid- veka for 10.klassingar (i regi av Voss Energi)
- «*Psykt bra bygd!*» - Utopiaverkstad for born og unge
- Vossadagane 2025 - "Framtidstru"
- IdéCAMP Energi 2025 (i samarbeid med Voss Energi)
- Fagdag om bustadutvikling (i samarbeid med Husbanken og lokalt næringsliv)
- Mangfaldsveka «*Fargerik juni*»
- Kunstkonkurranse "*Voss når eg vert vaksen*" for born og unge



Voss herad

# Borgarpanel

**1., 2. og 3. april**

*Eit samarbeid med Mathew Stiller-Reeve*

*Finansiert av Klimasats*

VOSS bygd for alle




-Invitasjon sendt til 600 tilfeldige innbyggjarar.

-40 deltakarar per panel.

-Verdskafémodellen.

-Åtte kafébord med kvar sin kafévert (både politikarar og administrasjon).

-Kafévertane møttest i forkant for å landa spørsmål.

Voss herad

# BORGARPANEL

Bilbygda Voss

Voss herad

1 Korleis redusera støy frå motorar i sentrum slik at trivsel og tryggleik vert styrka?

2 Kva skal til for at DU lar bilen stå?

3 Korleis, kven og kvar kan me skapa ein stad for motorsport i bygda?

4 Korleis kan me leggja til rette for at me vert «sykkelbygda Voss»?

5 Kva kan vera konsekvensane av å stengja Vangsgata for trafikk?

6 Korleis kan me få kollektivtilbodet (for både innbyggjarar, hyttefolk og andre turistar) til å verta eit meir attraktivt alternativ?

7 Kva trur de vil vera dei største endringane i bilbruk og transport i 2050?

8 Korleis skal parkering på Vangen løysast for at den skal fungera for både bilistar og mjuke trafikantar? Kva med turistar?

9

Presentasjonen

VOSS

Voss herad

# Tilbakemeldingar




"Svært godt tilrettelagt! Alle fekk sei si meining og det var godt mangfoldigt!"

"Trygg og uforpliktande «stemning», lett å ta ordet."

"Kjekt å få føla seg litt viktig og koma med meiningane sine."

"Interessante diskusjonar, kjekt å høyre andre sine meiningar."

"Saklige og rolige diskusjoner der alle slapp til."

"Opplegget godt gjennomført og viktig at heile distriktet var representert."



VOSS

Voss herad

# Resultat av borgarpanela

**Hyttebygda Voss:**

-Fritidsbustader bidreg til verdiskaping lokalt og er viktig for Voss.

-Vidare utbygging av fritidsbustader må skje kring allereie nedbygde område; meir fortetting, ikkje ta urørt natur til fritidsbustader.

-Det bør byggjast fleire bustader i staden for hytter.

-Heradet bør sjå nærare på moglegheita for å innføra buplikt og kva konsekvensar det kan få.

**Bilbygda Voss:**

-50 konkrete forslag til vidare arbeid for korleis me kan endra vanar knytt til bilbruk, kva som kan gjerast for å gjera det lettare å bruka kollektivt, gå og sykla, redusera uynskt støy og samstundes leggja til rette for at både ungdom, vaksne og dei som besøkjer oss har ei god oppleving av å vera på Voss.

-Det å jobba med haldningsskapande arbeid, invitera til dialog og samarbeid er noko som vert lyfta fram, uansett kva problemstilling det var snakk om kring kaféborda.

**Landbruksbygda Voss:**

-God økonomi og gode rammevilkår vart trekt fram som det viktigaste momentet for å sikra at me har eit landbruk også i framtida.

-Respekt for natur, landbruket og grunneigarane vart også peika på.

-Samarbeid og dialog med reiselivet og innbyggjarar er ein viktig føresetnad for positiv utvikling knytt til turisme og tilleggsnæringar som t.d. andelslandbruk eller parsellhagar.

-Lokale matprodukt må få innpass i lokale butikkar eller i eigne gardsutsal, og verta lettare tilgjengeleg enn i dag.

-Utdanningsmoglegheiter som sikrar kunnskap om matproduksjon er avgjerande.

-Landbruk, saman med skule og bustadmoglegheiter sikrar levande grender, og me må ta vare på dyrka mark og dei gardsbruka me har.

-Bu- og driveplikta er viktig å fylgja opp.



Naturvern og miljø
Folkehelse
Sentrumsutvikling
Planarbeidet i Voss herad
Eldreomsorg
Idrettsbygda Voss
Demografi
Turistbygda Voss
Kollektivtransport
Prestegardslandet
Oppvekst - skulestruktur
Beredskap
Kommuneøkonomi
Støtte til lokale talent
Parkering for tilsette i Voss herad
Bømoen
Bustadutvikling
Voss - bygd eller by? Levande grender?
Gründerbygda Voss
Frivilligheita
Sykkel og gange
Helse og omsorg
KPA
Vangsvatnet
Handel
Festivalbygda Voss
Rekruttering og tilflytting
Næringsutvikling

Voss herad

# Utopiaverkstad

**12. og 13. februar**

*Eit samarbeid med Agnes Tvinnereim frå VILL*

*Finansiert av Bufdir*

VOSS bygd for alle

Voss herad

## KVA VAR MÅLET MED UTOPIAVERKSTADANE?

*Det viktigaste var å få høyra kva ungdommane sjølve meiner om framtida på Voss. Kva er bra i dag? Kva saknar dei? Kva skal til for at alle skal trivst? Og kva kan dei unge sjølv bidra med?*

*Det heile handlar om å skapa eit Voss der alle kjenner seg sett og høyrt. Det er jo ungdommane som skal leva her i framtida!*

Nesten uansett kva problemet er, er svaret gode fellesskap.



Korleis får me det til?



## «Viss du fekk ein einaste sjanse til å trylla, og einaste regelen er at det du tryllar må vera bra for deg sjølv og for andre - kva ville du ha trylla då?»

- Trylla fram ei verd utan krig og urettferd
- Trylla vekk stress og press på skulen og i sosiale medium
- Trylla slik at alle har det bra og slepp å vera einsame
- Trylla slik at alle har trygge heimar og gode vennegjengar



Voss herad




# KVA SA UNGDOMMANE?

- **Vennskap og inkludering er superviktig**
  Me må arbeida for at alle skal få vera med. Ingen skal føla seg åleine, korkje på skulen eller i fritida
- **Fleire plassar å henga saman**
  Ungdommane ynskjer fleire gratis møteplassar – både inne og ute. Det er ikkje alle som vil eller kan vera med på organiserte aktivitetar
- **Mindre press og stress**
  Skulepress, karakterar og sosiale medium stressar mange. Ungane sjølve ynskjer at skulen og vaksne skal ta dette meir på alvor
- **Bruka naturen meir**
  Voss har fantastisk natur, men ungdommane ynskjer seg fleire sykkelløyper, leikeplassar og kule uteområde som faktisk er laga for ungdom – ikkje berre for små born
- **Stopp mobbing**
  Det skjer framleis, både på skulen og på nett. Ungdommane meiner det må snakkast meir om, og at skulen må gjera meir for å stoppa det

→ *Innspel til KPS, Sjukt bra bygd og Rusmiddelpolitisk handlingsplan*

Voss herad

# Faglønsjar «fem på halv»

**PROGRAM VÅR 2025**

| | |
|---|---|
| **15. januar:** | **Kan tidleg innsats innebera mindre utanforskap?** |
| **26. februar:** | **Er «Sirkulære Voss» løysinga for lågutsleppssamfunnet?** |
| **25. mars:** | **Heradet sitt klimarekneskap – korleis ligg me an?** |
| **7. mai:** | **Kultur som samfunnsbyggjande kraft?** |
| **28. mai:** | **Meir av alt raskare *og* ta vare på naturen – går det an?** |
| **18. juni:** | **CRPD – kva, kvifor og korleis?** |




*Faglønsjane tar opp tema som vert sett fokus på i samband med revisjon av kommuneplanen. Alle faglønsjane startar fem på halv tolv i heradsstyresalen og varar ein god halvtime.*

Me sest på faglønsj 🤓

Helsing prosjektgruppa for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel

Voss herad

# Mål med medverknad – har me lukkast?

*«Målet med medvirkning er både å skape bedre løsninger, styrke borgerens eierskap til stedet og, i et videre perspektiv, styrke den generelle opplevelsen av medborgerskap og fellesskap»*

*«Anvendt på en hensiktsmessig måte kan allmenhetens kunnskap, historieforståelse og engasjement være en ressurs i den lokale planleggingen. Å kanalisere inn unik (gjerne taus) kunnskap i planleggingen kan dessuten bidra til større grad av nytenkning»*

(Ringholm, Sandkjær Hansen, 2021)

VOSS

Voss herad

GODE INNSPEL TIL REFLEKSJON OG ETTERTANKE

MINDRE SILOTENKING

ENGASJEMENT

KAFÉSTEMNING I TINGHUSKANTINA

KREATIVE BORN

MÅL OG STRATEGIAR

SAMHALD

PRØVD UT NYE METODAR

OVERORDNA OG LANGSIKTIG TENKNING

DIALOG OG GODE DISKUSJONAR

DEFINERT AREALNØYTRALITET

TETTTARE SAMARBEID POLITIKK - ADMINISTRASJON

NYE SAMARBEID

NY KUNNSKAP - NY FORSTÅING

REFLEKTERTE UNGDOMMAR

NY SENTERSTRUKTUR

NYE KOLLEGAER

VOSS

** Feedback - Regionalt planforum og Helsedirektoratet*

Voss herad

# Meir medverknad 😊

| Dato | Tema | Kven |
|---|---|---|
| 18. September | **Senterstruktur og offentleg tenestetilbod**<br>(Presentasjon av LEVA rapport: Senterstruktur og grender i Voss herad) | HST temadag |
| 27. Oktober – 4. november | **Tema: Samfunnstryggleik og beredskap**<br>○ «*Voss druknar, men kan kjærleiken løysa klimautfordringa?*» – foredrag/ paneldebatt<br>○ «*I tilfelle dommedag*» - forfattar Egil Hagerup vitjar biblioteket<br>○ *«Ta ei pota, Voss!»* - matberedskap møter Grøn november<br>○ *«Kva gjer du om katastrofen råkar deg?»* – med Andreas Wahl<br>Podcast, stand og bokutstilling – og Røde kors besøkjer vaksenopplæringa | «Alle» skal med |
| November | **Grøn november**<br>Grøn november skal synleggjera og lyfta mangfaldet innan ombruk, reparasjon, utlån- og deleordningar, sirkulære løysingar og bidrag innan sosial berekraft i Voss herad. | «Alle» skal med |
| 5. November | **Politisk verkstad om planvask og arealrekneskap** | UKMB og FPL |
| Januar – mars 2026 | **Ulike arealtema KPA**<br>(hyttebygging, bustadutvikling, næringsliv, strandsone, etc)<br>**NB**: Tema og opplegg vert avklart med politisk leiing innan jola | Politiske verkstader med relevante utval |

Voss herad

# Ikkje akkurat eit sololøp…

Gullborg, Liv Jorunn, Kaia, Kari, Bjørg, Hilde, Martine, Kirsten, Trude, Liv, Ingvild, Berit Marie, Sigurd, Elisabeth, Maria, Kjetil, May Elisabeth, Nils- Helge, Styrkaar, Kristine, Mette, Silje, Magnar, Merethe, Oddvar, Signe, Elizabeth, Kristina, Inger-Marie, Tor Helmer, Vidar, Hans- Erik, Rune, Sondre, Nils Petter, Beate, Siren, Trond, Bodil, Kyrre, Vilde, Lina, Kjersti og Gunnhild



Voss herad

# Kva kostar gildet?

| Kva? | Budsjett | «vår pott» | Anna finansiering | Finansieringskjelde |
|---|---|---|---|---|
| **Debattserie bibliotek** | **5.000** | **1.000** | **4.000** | **Klimabudsjett** |
| **Borgarpanel** | **200.000** | **0** | **200.000** | **Klimasats, klimabudsjett** |
| **Utopiaverkstad** | **73.000** | **3.000** | **70.000** | **Bufdir (oppvekst)** |
| **Idécamp Energi** | **140.000** | **0** | **140.000** | **Voss Energi** |
| **Vossadagane** | **800.000** | **0** | **800.000** | * |
| **Fagdag bustadutvikling** | **6.000** | **6.000** | **-** | **-** |
| **Kunstkonkurranse** | **80.000** | **80.000** | **-** | **-** |
| **Fornybar framtid** | **203.000** | **0** | **203.000** | **Voss Energi** |
| **Fargerik juni** | **67.000** | **20.000** | **47.000** | **Kultur og fritid, Veko, Fri** |
| **Beredskapsveka** | **150.000** | **150.000** | **-** | |
| **Grøn november** | **50.000** | **0** | **50.000** | **Klimabudsjett** |
| *Reserve* | *140.000* | *140.00* | - | |
| ***Summa*** | ***1.914.000*** | ***400.000*** | ***1.514.000*** | |

VOSS

* *Voss herad, Voss Energi, Sparebankstiftinga Hardanger, Sparebanken Vest, Voss sparebank, billettinntekter og overskot Vossadagane 2024*

Voss herad

REVISJON AV KOMMUNEPLAN | MI SIDE | VAL 2025 | TRANSLATE | SØK | MENY




Voss herad
Tusen takk for oss!
VOSS
bygd for alle